



EVITA





AVGUDSDYR KING

AV CARL MORTEN AMUNDSEN *Sjefdramaturg ved Det Norske Teatret*

Idol seier vi og tenkjer gjerne på eit fjernsynsprogram. På rad og rekkje syng dei seg fram til finalar, eller dei vert stemte ut her i landet, i Amerika, i Azerbaijan, i den eine kanalen etter den andre. Draumen er å bli eit idol. Ei berømtheit, ein person tenåringsjenter dånar av eller nærast blir klemte i hel for å sjå. Ein Justin Bieber, ei Madonna, ei Tone Damli, ein Elvis, ein Beatles, ein Michael Jackson, ei Marilyn Monroe, ein James Dean. Ein fotballspelar, ei fjernsynsstjerne, ein skodespelar. Dei moderne idola kjem frå ulike verksemder. Dei moderne idola er produkt av underhaldningsindustrien. Dei er populærkultur. Det er dei dei kulørte vekeblada lever av. Tabloidavisene fyller dei såkalla kultursidene med bilete av dei, skriv om skilsmisene deira, om lukka deira eller ulukkene deira, om Hollywood-livet deira, om pengane deira, om barna deira, om den altfor tidlege døden deira – Dean, Monroe, Jackson, Winehouse, Houston.

Ordboka syner at «idol» tyder gudebilete, ja til og med avgudsbilete. Men i ordboka finn ein også den vanlege tydinga av ordet: «i overført tyding kan det også vere eit menneske som nokon, særleg ungdom, forgudar eller beundrar høgt, eller det kan tyde eit ideal eller ein favoritt, for eksempel ei *film- eller popstjerne*».

Dei fleste har vel ein harmlaus omgang med idola sine. Det skader sikkert ikkje å beundre ein songar, eller å la seg avstandsforelske i ein modell eller ein fotballspelar som ein aldri kjem til å møte. Men det er vel nett når dyrkinga av førebiletet får karakter av avgudsdyrking at det er fare på ferde. Når hysteriet grip om seg. Når ein ikkje lenger kan skilje glans frå røyndom.

Både jødedommen, kristendommen og islam åtvarar mot idolatri eller bilet-dyrking. Akkurat det poenget får vi komme attende til ein annan gong. Vi får sikkert høvet til det når vi tek til å spele Bibelen.

Kva har så alt dette med presidentfrua Evita Perón å gjere? Ein heil del, meiner mange.

Den historiske personen Evita er framleis omstridd. I kor stor grad var ho politisk motivert for karrieren sin, i kor stor grad låg ho seg oppover rangstigen i det argentinske samfunnet? Var ho berre ute etter glansen og berømtheita, eller var engasjementet for dei svakare stilte i samfunnet ektefølt. Var ho på deira side trass i alle dei fine kleda, leppestiften og pelskragane. Noko endeleg svar får vi nok aldri.

Men i musikalversjonen vår beveger Evita seg på makta sin catwalk. På den er det først og fremst overflate, glamour og erotisk karisma som tel. Det er ikkje fordi at vi insisterer på at ho berre var slik, men fordi denne framstillinga, som gjer Evita om til myte, flytter søkjelyset frå førtitalets Argentina inn i massemedia-alderen. I vår tid er det heller ikkje alltid godt å seie når noko er sant eller berre ein avglans av ein myte. Idolfigurar har for lengst vandra inn også på den politiske arenaen. Evita sette livet sitt i scene – heilt eller delvis. Ho har fått mange etterfølgjarar – av begge kjønn. La oss håpe vi greier å sleppe unna den verste avgudsdyrkinga.



EVITA

Tekst TIM RICE Musikk ANDREW LLOYD WEBBER
Omserjing: Ola E. Bø

Evita	HEIDI GJERMUNDTSEN BROCH
Peron	JON BLEIKLIE DEVIK
Che	FRANK KJOSÅS
Elskarinna	INGEBORG S. RAUSTØL
Magaldi	SIGVE BØE
Brøren	NIKLAS GUNDERSEN
Offiseren	ESPEN LØVÅS/SIGURD MYHRE
Evitas tenestejente	UNN VIBEKE HOL
Evitas tenestejente	GRETHE RYEN
Arbeidarkvinna	HILDE OLAUSSON
Presidenten	TROND TEIGEN
Soldaten	ØYVIN BERVEN
Baronen	RAGNAR DYRESEN
Baronessa	KRISTIN GRUE/SILJE STORSTEIN

DANSARAR OG KORISTAR:

Benjamin Nordin, Gustav Andreas Kvale, Olav André Gravseth, Mari Baade
Anette Amalie Larsen, Sandra Gerecke, Lisbeth Sandnes Espeland. Heile ensembler er med i koret og speler aristokratar, arbeidarar, tenestemenn, offiserar, familien til Evita, elskarar, sørgjande m.m.

Regissør	SVEIN STURLA HUNGNES
Koreograf	MARIANNE SKOVLI AAMODT
Scenograf	OLA BRÅTEN
Kostymedesignar	METTE JACOBSEN
Maskør/parykkmakar	NINA BLOCH
Rekvisitør	FINN KIRKEBY
Kostymekoordinator	TORHILD JENSEN

Musikkansvarleg, arrangør og musikalsk innstudering	ATLE HALSTENSEN
Kapellmeister og musikalsk innstudering	SVENN ERIK KRISTOFFERSEN
Musikalsk innstudering	STÅLE SLETNER
Musikalsk medarrangør	RAYMOND ENOKSEN
Musikkprogrammering	MATS GRØNNER/SIMEN SCHARNING/NIKOLAI BERGSTRØM

TAKK TIL:

Operaens Barnekor
under leiing av Edle Stray Pedersen

Lysdesignar	TORKEL SKJÆRVEN
Lyddesignar	PER OLA HOLDEN
Film	INGEBJØRG TORGERSEN
Dramaturg	CARL MORTEN AMUNDSEN
Inspisient	ERLEND STAMNES
Sufflør	GRY HEGE ESPENES
Kostymekoordinator	TORHILD JENSEN
Scenemeister	STENE EVENSEN
Lysmeister	RUNE ASPEGGEN

Foto: Erik Aavatsmark
Bilda er tatt i prøveperioden
Grafisk formgjeving:
Concorde Design
Trykk: Merkur Trykk

Programredaksjon:
Svein Sturla Hungnes, Åsne Ddahl Torp,
Ida Michaelsen

Musikkarar:

ÅSBJØRG RYENG	bandoneon
CHRISTIAN SVENSSON	trommer
OLE-MARIUS MELHUUS	bassar
ERIK EILERTSEN	trompet
STÅLE SLETNER	rasteinstrument
MATS GRØNNER	gitarar
SILJE HAUGAN	fiolin
SVENN ERIK KRISTOFFERSEN	piano

PREMIERE PÅ HOVUDSCENEN 5. SEPTEMBER 2012

Teaterforlag: Nordiska APS – København. *Evita* vart første gongen sett i scene av Harold PRINCE. TM © 1978 RSO Ltd.

























FASCIST, FRELSAR OG FASHIONISTA

AV SISSEL HOFFENGH *Kommentator, trend- og portrettjournalist*

FOTO: SCANPIX

Eva Perón er ei av de mest mytiske kvinnene i motehistoria. Karismatisk og velkledd erobra ho ei heil verd med sin sans for fattige bønder og eksklusive kjolar.

I løpet av sitt vaksne liv gjekk Maria Eva Duarte Perón frå å vere ei søt lita pyntedokke i småprikkete og blomstermønstrete kjolar, overdådige hattar og tidstypiske førtitalsfrisyrar til å bli ei fullblods fashionista iført siste skrik frå franske motehus som Dior og Balmain. Var det eit bevisst trekk? Heilt klart. Men årsaka er nok meir samansett enn at det berre var eit lidenskapeleg ønske om å forføre land og folk. For sjølv om det er heva over all tvil at Evas evne til å iscenesetje seg sjølv gjorde henne umåteleg populær, så endra også motane seg monaleg frå byrjinga til slutten av 40-talet og fram til ho døydde i 1952. Etter at ho blei Argentinas førstedame, hadde ho råd til å kjøpe dyrare og dyrare klede og smykke som var meir i samsvar med kontinentale trendar, og ho utvikla etter kvart ein klesstil som var meir sober.

Skal ein forstå Eva Peróns teft for makt og image, er det viktig å ta til med byrjinga. Maria Eva Duarte var fødd fattig og utanfor ekteskap, men med ei medfødd evne til å sjarmere mektige menn og å iscenesetje seg sjølv gjekk ho frå å vere ein ukjend modell, såpestjerne på argentinsk radio og dårleg B-filmskodespelar til å bli Argentinas førstedame og ein av de aller største mytane på maktas catwalk. Og om nokon kan seiast å ha forstått maktkodane både i politikken og i moteverda, så er det Eva Perón.

Den velutvikla sansen hennar for det teatraliske og det vakre gjorde at ho sikkert tidleg må ha kjent seg temmeleg malplassert der ute på pampasen – den argentinske landsbygda. Der hadde mora som elskarinna til ein rik mann fødd fem

uekte barn, og da familien hans slo handa av henne, måtte ho sjølv syte for å få dei alle i jobb og såpass godt gifte som det var mogleg for fattigfolk å bli.

Mora arbeidde som kokke og hadde yrkesplanar for alle barna utanom den stille og litt drøymande yngstejenta. Henne kunne ein knapt sjå føre seg som noko arbeidsjern, det einaste håpet var å få gifta henne bort så snart ho var gammal nok. Men ei framtid som bondekone og mor til ein svær ungeflokk var langt frå draumen til den unge jenta. Ho utmerka seg lite på skolen og i søskenflokk, men deltok aktivt i teatergruppa på skolen og bar nok på lengsler som låg langt unna den vesle bygda. Skodespelaryrket var utanfor det ei fattigjente kunne drøyme om, og om ho nokon gong fortalde nokon om kva ho ønska seg, blei ambisjonane hennar knapt tekne på alvor.

Ein dag fekk bygda besøk av ein namngjeten tangosongar – Augustín Magaldi. Den unge Eva skal ha blitt så bergteken at ho bestemte seg for å reise til Buenos Aires og søkje lykke der på dei mange teaterscenene i den myldrande hovudstaden. Mange bøker vil ha det til at ho forførte Magaldi og rømte saman med han fordi ho håpa at han kunne hjelpe med å skaffe henne engasjement på scenen, og at han på den måten var den første mannen ho utnytta for å komme seg opp og fram. Men den historia er aldri blitt bekrefta. Biografen Navarro Frazer hevdar at det slett ikkje finst bevis for noko slikt, at Magaldi slett ikkje besøkte Evas heimbygd det året Eva drog til Buenos Aires, og at Eva reiste saman med mora, som fekk henne innlosjert hos slektningar slik at ho heilt ope kunne følgje opp ambisjonane sine – til ho skulle giftast bort, sjølvsgt.

Ho mangla talent på scenen, den kunstnariske viljen var langt større enn evna. Men Eva hadde jernvilje og meinte ho var fødd til å underhalde. I tillegg var ho ein dyktig nettverksarbeidar som tidlig forstod verdien i å knyte viktige kontaktar med mektige folk. Via dei etter kvart mange mennene ho blei kjend med i politikken, klatra ho oppover rangstigen blant argentinske skodespelarar.

Teaterkritikarane var ikkje nådige. «Ho var forferdeleg, kald som eit isfjell utan evne til å røre eit publikum», sa skodespelarkollega Pierina Dealessi. Ryktemakarane smidde historier om at ho tente pengar på mindre ærefulle måtar; dei var grøne av misunning på Evas nett av mannlege kontaktar og kva det utretta for henne. Eva pleidde kontaktnett med slø omhug, og sjølv om ho ikkje tente så mykje på det i form av store roller, auka derimot inntekta hennar desto meir. Jaime Yankelevich, sjefen i Radio Belgrano der ho jobba heilt fram til ho gifta seg, auka løna hennar for kvar nye elskar. Som da ho åt middag med president Pedro Ramirez, da gjekk løna opp frå 150 til 5000 pesos i månaden. Snart var ho den høgast lønte radioskodespelaren i landet. Kollega Malisa Zini nølte sjeldan med å slengje med leppa om Eva Duarte og mennene hennar. «Berre ho kunne slengje noko ferskt kjøtt til meg», sa skode-



spelarkollega Malisa Zini, som ikkje la skjul på at ho – som trass alt var eit naturtalent på scenen – var grøn av misunning på den unge, vakre, men talentlause Eva Duarte.

Da Eva vart kjend med Juan Domingo Perón, var han ennå ikkje blitt president, men var ein av dei mektigaste bakmennene i regjeringa. Dei to flytta saman i same leilegheit. Det var ikkje uvanleg at menn hadde elskarinner i Argentina, den tidlegare USA-ambassadøren James Bruce oppsummerte det slik:

«Utruskar kan øydeleggje karrieren for ein amerikansk politiskar, mens fråværet av ei elskarinne gjer einkvar latinsk politiskar suspekt». Men å flytte saman med elskarinna si var uvanleg, det fall ikkje i god jord hos Peróns politiske medspelarar.

Men Eva gjorde seg uunnverleg, ho deltok på møte og reiser – til Rosario og Santa Fe og industribyen Cordoba, men heldt seg klokt i bakgrunnen og blanda seg sjeldan inn i samtaler med mindre ho og Juan var aleine. Da imponerte ho med sitt engasjement for dei fattige, mana Juan til at han måtte bli talsmann for dei fattige, ein som dei skjortelause fattige kunne sjå på som ein alliert. Og ho trekte parallellar til landets sterke mann frå 1835 til 1852, føderalisten Juan Manuel de Rosas – Eva meinte Juans image måtte vere å stå fram som første-arbeidaren mellom arbeidarane.

I Buenos Aires besøkte paret dei såkalla barrios – arbeidarstrøka i hamneområda La Boca og industriområda der dei grimmaste slumområda – villas miserias – låg. Saman sat dei på kneipene og drakk vino común – billeg vin – og diskuterte politikk med folka i området til den lyse morgon. Slik pleidde ho egoet til elskaren sin, hjelpte å straumlinjeforme hans politiske image og skaffe han støttespelarar heilt til han sat i presidentstolen.

Dei gifta seg hemmeleg i oktober 1945 etter at Perón kom til makta i eit kupp, godt hjulpet av den ukuelege elskarinna si.

I det mannsdominerte Argentina var det uvanleg for kvinner å oppnå så mykje makt som Eva gjorde; kvinner skulle stelle heime – det gjaldt også førstedamer. Mange såg seg leie på at den nyvalde presidenten brukte kona si som sin mest fortrulege politiske rådgjevar. Offiserane i Peróns regjering kjende seg snytte, her skulle dei liksom drive eit militærdiktatur, og så let sjefen ei kvinne stå bak og trekkje i trådane. Maskuliniteten deira fekk ein alvorleg knekk. Men Eva var ustoppelig. Ho skaffa seg etter kvart ein nøkkelposisjon i mannens styre, tilsette familiemedlemmer i viktige jobbar, kontrollerte både postgang og media, og dei som våga å trasse henne, fekk betale dyrt.

Å sjå til trygg i den nye rolla som landets førstedame var ho både ukonvensjonell og vakker, fasjonabelt kledd etter argentinsk standard og ikkje minst veldig synleg ute blant folk – i kontrast til den eldre og litt stivare ektemannen sin. Ho var ei folkets prinsesse.

I 1947 reiste ho til Europa på det som fekk namnet Regnboeturneen. Her besøkte ho mellom andre Franco i Spania, som blei veldig oppglødd for henne og gav henne æresordenen Isabelstjerna. Juan Perón hadde vore skeptisk til å vitje Franco ettersom han var redd det kunne skade forholdet til USA. Men Eva trassa alle råd og sjarmerte diktatoren i senk. Alle dei vakre kjolane, pelsane og smykka hennar gav eit streif av glamour til det krigsherja Europa, og ho blei hylla som ei gudinne av folk i gatene. Rørt til tårer insisterte ho på at dei skulle kalle henne Evita – vesle Eva – slik ho hadde bede argentinarane gjere heime. Spanjolane skjenka henne ein kulturskatt av ei gåve: nasjonaldrakter frå alle dei 50 provinsane i landet, saman med kort fulle av sentimentale smigrande helsingar.

Ho besøkte Paven i Vatikanet, og om ho blei skuffa over at han ikkje gav henne dei utmerkingane ho kanskje hadde håpa på – ho fikk berre ein rosenkrans slik Paven gav alle gjestene sine – var ho vakker som ei madonna iført heildekkjande

svart – silkekjole med slep og mantilla, lange blondevantar og berre eitt smykke for dette høvet: den store Isabelstjerna ho hadde fått av Franco.

Under eit operabesøk nokre dagar etter bar ho ein svart og kvit gallakjole, kvit minkpels og gnistrande diamantar rundt halsen og i øyra. Ho heldt ein sterk feministisk tale til italienske kvinner i Roma og avslutta med «Viva Italia!» til øyredøyvande applaus. Hadde det ikkje vore for at ho blamerte seg med å gjere fascisthelsing ut av hotellvindaugjet i Milano og blei møtt med skjellsord frå venstreradikale demonstrantar, hadde Italia-besøket vore perfekt. Men opptrinnet i Milano gjorde at ho droppa den planlagde turen til Venezia og drog til Paris.

Eva Perón kom til motehovudstaden i heilkvitt: kvit drakt, kvit stråhatt, kvit veske og kvite sko – berre ein fargeklatt på antrekket: ei stor brosjé med rubinar. I tillegg bar ho dei tre ringane ho alltid hadde på den eine handa: giftringen, ein evigheitsring med safirar, rubinar og smaragdar og ein svær diamant – det gjekk rykte om at berre Aga Khans kone hadde ein som var større.

Ho gjorde seg populær blant franskmennene ved å kysse og klemme på barneheimsbarna som hadde møtt opp ved hotellet i håp om eit glimt av den fasjonable dama, som gav dei skarlagensraude lepestiftmerke på kinna. I middagselskap med den franske presidenten viste ho seg frå si aller mest elegante side i ein kvit aftankjole med turkise blomar, mens ho fekk alle pressefotografane i landet til å gå amok da ho seinare poserte i ein djupt utringa og åletrong gullkjole med fiskehaleskjørt og langt slep kombinert med høghæla gullsandalar med edelsteinar på hælane, matchande armband og lange øredobber.

Under Paris-besøket møtte ho biskop Angelo Giuseppe Roncalli, og ifølgje fleire argentinske biografier skal han seinare ha sendt henne eit brev der det stod: «Senora, fortsett kampen for dei fattige, men hugs at han endar på krossen».

Ikkje alle blei like sjarmerte. I europeisk presse var dei langt frå like ærbødig som ho var van med. Garderoben hennar var eit heitt tema; ho vart kritisert for den overdådige klesstilen sin, som kjendest forelda for fonge franskmenn og italienarar. Også i New York Times blei det harselert over at ho gjerne skifta antrekk opptil fire gonger om dagen, at ho bar minkpels trass i at det var mange varmegradar, og at ho aldri blei sedd i same kjole to gonger. Intellektuelle rulla med auga av den melodramatiske retorikken ho nytta i talene og helsingane sine til folket, og dei rista på hovudet når dei såg korleis det gjekk rett heim hos dei lågare klasene. I Newsweek skreiv dei: «Ho er mindre enn ho ser ut på bilde, har mørke auge, honningblondt hår, bleik hud med mange lag foundation, ingen rouge, men djupraude lepper, perfekte kvite tenner og eit evig påklistra smil – sikkert fordi ho ikkje snakkar fransk eller engelsk og dermed ikkje skjønar bæret av det som blir

sagt. Ho har medbrakt massør og lege, som skal passe på at ho ikkje legg på seg.»

Europaturen vart ei slags dannelsreise når det gjaldt klede, image og stil. Eva Perón besøkte motehus og designarar som alle ivra etter å vise kva dei hadde å by på av utsøkt haute couture. Ein triumf for ei kvinne med ei mor som hadde måtta bøte på økonomien ved å reparere folks klede heime i landsbyen da ho var barn. Med i bagasjen hadde ho si inngrodne forakt for overklassa, og ho skal mellom anna ha sagt om en kvinnelig aristokrat som ville møte henne i Paris at «ho får vente nede på gata med alle dei andre».

Etter kritikken frå europaturen la Eva Perón dramatisk om klesstilen. No var det slutt på overdådig, latina-look frå argentinske skreddarar og motehus. Dei intrikate førtitalsfrisyrene blei bytte ut med ein meir moderne, elegant stram knute i nakken. Pels, fjør og fjas måtte vike for enkle, skreddarsydde jakker med breie skulderputar og knelange skjørt – makt-drakter ein visepresident verdig. Liden skapen hennar for smykke vart også tøyla ein smule – no gjekk det i enkle kjede og perleøyredobbar i øyra. Dette var ein meir profesjonell look, ikkje ulik stilen som den unge Margaret Thatcher brukte mange år seinare da ho som første kvinne kjempa seg til ein plass i den britiske politikken.

Som førstedame handla Eva Perón hos Christian Dior. Den franske moteskaparen som slett ikkje var den lettaste å imponere, sat fjetra når den vakre Perón besøkte salongen hans, og uttalte ærbødig at ho var den einaste dronninga han nokon gong hadde kledd opp.

Det fall også nokre dropar Evita-glamour på Diors rivalar Balmain, Fath og Rochas, som var mellom dei aller mest populære moteskaparane på den tida.

Mot slutten av livet hadde ho etablert seg både som ein viktig kvinnepolitkar og vunne ein slags helgenposisjon hos vanlege folk i Argentina. Frisyren – den stramme knuten i nakken – fekk håret til å likne ein glorie rundt hovudet hennar når ho talte til folk frå balkongen på Casa Rosada.

I 1951 sa Eva Perón nei til å bli visepresident, og året etter døydde ho av kreft. Men Evita-kulten har levd lenge etter ho var død, det balsamerte liket hennar har reist verda rundt, og for mange argentinarrar er ho framleis legenda som blir dyrka.

TIL NYNORSK VED ARNE TORP





















KUNSTNARLEG ANSVARLEGE



SVEIN STURLA HUNGNES (regissør) er ein av våre mest markante scenepersonlegdommar. Som skodespelar, instruktør og teatersjef har han sett tydelege spor etter seg på dei fleste teater i Noreg, men også i utlandet. Han er kunstnarleg leiar for Peer Gynt AS, der han òg har regien for den årvisse oppsetjinga av *Peer Gynt* ved Gålåvatnet. Hungnes' siste produksjonar ved Det Norske Teatret er *Familien* og *Next to Normal*. Prisar: Oslo bys kulturpris og Anders Jahres Kulturpris, i tillegg er han riddar av 1. klasse av Sankt Olavs Orden.



MARIANNE SKOVLI AAMODT (koreograf) er både dansar, songar og koreograf. Ho er utdanna mellom anna hos Randi Frønsdal ved Operaen i Paris og har vore profesjonell dansar sidan 1976. Ho har jobba med mellom andre Carte Blanche, Norsk Danseteater, Oslo Danse Ensemble og medverka i ei rekkje revyar og musikalar med leiande roller i m.a. *A Chorus Line* og *Cats*. Som musikal-koreograf har ho arbeidd m.a. ved Oslo Nye Teater med *West Side Story*, *Chicago*, *My Fair Lady*, *Cabaret*, *Cats*, *La Cage aux Folles*, *Spellemann på taket* og *Singin' in the Rain*. Prisar: Oslo bys kunstnerpris.




OLA BRÅTEN (scenograf) er utdanna ved Yale University, der han studerte scenografi, lysdesign og kostyme, og arbeider i dag med både teater, dans, show, konsert og event. Han har vore knytt til Det Norske Teatret som lysdesignar sidan hausten 2009, der han har vore aktuell med m.a. *Jesus Christ Superstar*, *Don Carlos*, *Next to Normal*, *Den hemmelege hagen* og *Gjøglaren*. Det er første gongen han gjestar Det Norske Teatret som scenograf.



METTE JACOBSEN (kostymedesignar) har arbeidd som scenograf og kostymeteiknar sidan 1986. Ho har hatt ansvar for kostymedesign på om lag nitti operaer, musikalar, teater- og danseframsettingar. Ho har tidlegare arbeidd med regissør Hungnes om m.a. *En midtsommernattsdrøm* ved Riksteatret, *Hamlet* ved Trøndelag Teater, *Spellemann på taket* og *Les Misérables* på Oslo Nye Teater. Ho har også vore med

på å setje opp *Jesus Christ Superstar* ved Göteborgsoperaen/Trøndelag Teater, *Hair* ved Chinateatern, Stockholm og *Jungelboka* på Det Norske Teatret.



ATLE HALSTENSEN (musikkansvarleg) er ein av dei mest brukte komponistane i teater-Noreg. Han har vore musikalsk leiar for ei rekkje av hovudsceneproduksjonane ved dei fleste av teatra i landet. Her ved teatret har han dei siste åra hatt ansvaret for mellom anna *Jungelboka*, *Den hemmelege hagen*, *Jesus Christ Superstar*, *Next to Normal* og *Felix' fantastiske orkester*. Halstensen er også musikalsk leiar for Spellemannsprisen og Nobels fredspriskonsert.


I ROLLENE



HEIDI GJERMUNDSEN BROCH studerte song ved musikklinja på LIPA (Liverpool Institute for Performing Arts) frå 1995 til 1997. Ho gjekk ut av Statens Teaterhøgskole i 2000 og har etter det vore fast tilsett ved Det Norske Teatret. Her har ho hatt berande roller i ei rekkje musikalar, m.a. som An-Magritt i *An-Magritt*, Maria Vittoria i *Which Witch*, Polly i *Toluskilingsoperaen*, Diana i *Next to Normal* og Edith Piaf i *Piaf*. Ho har i tillegg spelt Donna i *Mamma Mia!* på Folketeatret. Ho har elles hatt fleire roller i Radioteatret. Prisar: Heddaprisen for beste kvinnelege hovudrolle og Kritikarprisen for rolla som Diana i *Next to Normal*.



JON BLEIKLIE DEVIK har vore knytt til Det Norske Teatret sidan 2010. Han gjekk ut frå Statens Teaterhøgskole i 2001 og har tidlegare vært tilsett ved Den Nationale Scene, Riksteatret og Oslo Nye Teater. Mellom roller han har spelt er Ariel i *Pu-temannen*, Tom i *Dogville*, medverkande i Robert Wilsons *Peer Gynt*, Bobby i *Company*, tittelrolla i *Peer Gynt*, Enjolras i *Les Misérables* og Thorvald i *Et dukkehjem*. Ved Det Norske Teatret har han spelt i *Innsirkling*, *Tida og rommet*, *Das Boot*, *Norge-Brasil* og Dan i *Next to Normal*.




FRANK KJOSÅS har vore knytt til Det Norske Teatret sidan han kom ut frå skodespelarlinja ved KHIO i 2006. Han har gjort ei rekkje store musikalske roller, mellom andre Woof i *Hair*, Peter Pan i *Peter Pan*, Judas i *Jesus Christ Superstar*, Frank Kjosås


i *Evig ung* og Gabe i *Next to Normal*. Han har også spelt Gut i *Tvillingar*, Haimon i *Døden i Teben* og Petrell i *Sjuk ungdom*. I vinter spelte han tittelrolla i *Hamlet* ved Hålogaland Teater.



INGEBORG S. RAUSTØL gjekk ut frå skodespelarlinja ved KHIO i 2010 og gjorde si første rolle ved Det Norske Teatret som Irene i *Sjuk Ungdom*. Her spelte ho også rolla som Maria Amelie i *Ulovleg Norsk* og i vår reiste ho Noreg rundt med Riksteatret som innehavar av tittelrolla i *Froken Julie*. Ingeborg er medlem av frigruppa Asklepios Hane.




SIGVE BØE har vore fast knytt til Nationaltheatret og Hålogaland Teater og har vore fast tilsett ved Det Norske Teatret sidan 1985. Her har han spelt over femti roller, alt frå Gus i *Cats*, Judas i *Jesus Christ Superstar* til Fugleskremslet i *Trollmannen frå Oz*. Han er ein av initiativtakarane til *EventyrForteljeTeaterStund*. Bøe har òg gjort roller for film, m.a. i *Den brysomme mannen*, og han har laga fleire eigne musikkteaterproduksjonar og barnestykke for TV og turné.



NIKLAS GUNDERSEN har vore skodespelar og dansar ved dei fleste teatra i Noreg og er fast tilsett ved Det Norske Teatret. Her på teatret har han hatt roller i m.a. *The Black Rider*, *Hair*, *Ingen skriv til obersten*, *An-Magritt*, *Døden i Teben*, *Tolvskillingsoperaen*, *Jungelboka*, *Jesus Christ Superstar* og *Den hemmelege hagen*. På filmlerretet har han medverka i *Buddy*, *Varg Veum* og NRK-serien *Taxi*.



ESPEN LØVÅS har vore knytt til Det Norske Teatret sidan 2004. Mellom roller han har spelt, er James i *Løytnanten frå Inishmore*, medverkande i Robert Wilsons *Peer Gynt*, Domingo i *Don Carlos*, Mikkel i *Neverland*, Jernspore i *Henrik 4* og Loven i *Ulovleg norsk* og Kaptein Smollett i *Skatten på Sjørøverøya*. I haust er han òg å sjå som Peter Niles i *Sorga kler Elektra*.



SIGURD MYHRE har vore knytt til Det Norske Teatret sidan 2010. Han har mellom anna spelt Freder i *Sjuk ungdom* og Guten i *Nammet*. Ved Riksteatret har han spelt Jean i *Froken Julie*. Med frigruppa Asklepios hane sette han opp *Du er Knut* på Black Box Teater. I haust er han òg å sjå som Smirnov i *Bjørnen* på Scene 3.



UNN VIBEKE HOL har vore fast tilsett ved Det Norske Teatret sidan 1974. Mellom roller ho har spelt, er Julie i *Romeo og Julie*, Petrina i *Ungen*, Charlotte i *Nattverden*, Nina i *Måken*, Elisabeth Proctor i *Heksejakt*, Ho i *Nokon kjem til å komme* og Katrina i *Keisaren av Portugalia*. Ho er også mellom dei fem skodespelarane som driv *Eventyrforteljeteaterstund* for tolvte året på rad og ho har laga framsyninga *Mens hjula står*. Ho har elles dubba ein god del filmar, m.a. Cruella de Vil i *1001 Dalmatinere* og Snehvit i *Snehvit og de syv dvergene*.



HILDE OLAUSSON har vore tilsett ved Det Norske Teatret sidan 1981. Ho har i alt vore med i om lag 70 teateroppsetjingar her på huset. Ho har mellom anna spelt rollene Anna Angelika i *Personkrins 3:1*, Hippolyta i *Ein midtsommarnattsdraum* og sist enka Shin i *Det gode mennesket frå Sezuan*. Olausson har òg vore knytt til Nationaltheatret, Den Nationale Scene, Trøndelag Teater, Oslo Nye Teater, og gjort diverse oppdrag for film, TV, radio og spel.



TROND TEIGEN er frilans skodespelar og songar, og har vore mykje ved Det Norske Teatret. Her har han m.a. spelt Anthony i *Sweeney Todd*, Guten i *Guten og stjerna* og sist Egil Østenstad i fotballoperaen *Norge-Brasil*. Mellom andre store roller er Tony i *West Side Story* på Chateau Neuf og Marius i *Les Misérables* ved Operaen i Malmø.



ØYVIN BERVEN har vore fast tilsett ved Det Norske Teatret sidan 1987. Den første rolla hans var Parsifal i *Merlin*. Har mellom anna spelt Klovn i *Guten og stjerna*, medverka i *Provesalsprosjektet*, vore med i Stein Wings prosjekt med Shakespeares kongedrama på Scene 2 og i ei rekkje musikalalar.



RAGNAR DYRESEN har vore fast tilsett ved Det Norske Teatret sidan 1975 og spelt i over 60 oppsetjingar. Han har hatt fleire musikalroller, mellom anna Politimannen i *Spelemann på taket*, Olaves/Gjendøperen i *Ungen*, Torsøien i *Bør Børson*, Hjalmar i *Trost i taklampa* og Krupke i *West Side Story*. I tillegg har han spelt mykje barneteater. I 2010 gav han ut boka *En stein i skoene*. Før jul er han òg å finne som Meisteren i *Gjøglaren*.



KRISTIN GRUE er utdanna skodespelar frå Teaterhögskolan i Stockholm og har vore knytt til Det Norske Teatret sidan våren 2011. Ho debuterte som Sørine/Jente 2 i *Vi har så korte armar*. Ho har også spelt Harlekin/Mor i *Gjøgleren*. I haust er ho i tillegg å sjå på scenen som 1 i *Vi som er hundre* og Hazel Niles i *Sorga kler Elektra*.



SILJE STORSTEIN gjekk ut frå skodespelarlinja ved KHIO i 2008. Ho har gjort ei rekkje roller ved Det Norske Teatret, mellom anna Inken Peters i *Før solnedgang*, Møllarjenta i *Den store landevegen*, Wendy i *Peter Pan*, Liv i *Vi har så korte armar*, og medverka i =OSLO. Ved Trøndelag Teater har ho spelt Julie i *Romeo og Julie*. Ho er i haust også å sjå som m.a. Popova i *Bjørnen* på Scene 3.



GRETHE RYEN har vore fast tilsett ved Det Norske Teatret sidan 1977 og har spelt i over 50 oppsetjingar ved teatret. Mellom roller ho har spelt, kan vi nemne Anne Pedersdotter i *Anne Pedersdotter*, Milja i *Ungen*, Tzeitel i *Spelemann på taket*, Polina Andrejevna i *Måken* og Fernanda Nissen i *Brennande nesler*. Ho har også medverka i ei rekkje filmar og TV-seriar. Som leiar for Lilleborg Teatergruppe har ho regissert fleire av Oskar Braatens teaterstykkje. Før jul er ho òg å sjå på scenen som kona/Dronninga i *Gjøgleren*.

DANSARAR

BENJAMIN NORDIN er utdanna dansar ved Balettakademien i Göteborg. Etter fullført utdanning i 2006 har han m.a. vore med i *Hair* ved Det Norske Teatret, Melodifestivalen i Sverige, *Cabaret* ved Trøndelag Teater, *High School Musical* ved Akershus Teater, *Grease* i Oslo Spektrum, *Color Fantasy* for zentertain og *West Side Story* ved Kilden i Kristiansand.

GUSTAV ANDREAS KVALE har studert jazzdans ved KHIO under mellom andre Merete Lindgjære, Toni Ferraz, Masja Abrahamsen, Thomas Glans og Morten Ruda. Han har tidlegare vore tilsett som dansar ved *Color Fantasy* for zentertain, dansar ved Nobels Fredspris-konserten, *En magisk aften med Alexx Alexander* og *Straight up*.

OLAV ANDRÉ GRAVSETH er utdanna jazzdansar frå ballettlinja ved KHIO. Sidan han gjekk ut har han medverka som assistent og lyddesignar for Masja Abrahamsen ved fleire produksjonar, både ved KHIO og andre scenar i Oslo. Som dansar har han jobba mellom anna på *CODA Event 2011* (Masja Abrahamsen), den lokalproduserte musikalen *Mellom drøm og virkelighet* (Namsos 2011) og som koreograf og dansar med kompaniet Midnight Burlesque i produksjonen *The tale of the Golden Dragon* på Parkteatret.

MARI BAADE er utdanna dansar ved London Studio Centre, Ballettlinja ved Fagerborg og Den Norske Operas Ballettskole. Ho har m.a. vore med i *Peer Gynt*, *The Producers*, *Les Misérables* og *Singin' in the rain* ved Oslo Nye Teater, *Sangen om den røde rubin* og *Little Me* ved Riksteatret, *Cabaret* ved Derby Playhouse, *West Side Story* ved Agder Teater og *Hair* på Det Norske Teatret. Ho har i tillegg jobba som songar og dansar for ei rekkje internasjonale artistar som Whitney Houston, Cher, Take That, Simply Red og Bjørk. Ho har òg vore med i TV-produksjonar og filmane *Love, Actually* og *Vanity Fair*.

ANETTE AMELIA LARSEN er utdanna ved Bårdar Akademiet i Oslo 2001–2003. Ho har medverka i musikalar som *Fame* på Chat Noir, *Chicago* ved Det Nye Teater i København, *West Side Story* og *The Producers* ved Oslo Nye Teater, *Little Me* ved Riksteatret, *Mamma Mia* ved Folke-teatret, *West Side Story* ved Agder Teater og *Hair* på Det Norske Teatret. Ho har også medverka i ei rekkje musikkvideoar og TV-produksjonar, mellom anna *Reisen til popstjernene* på TV2 og deltok som artist i Melodi Grand Prix i 2007 og 2009.

SANDRA GERECKE er dansar og har m.a. vore med i Urban-X av dansekompaniet Cre-8 ved Den Norske Opera og Ballett, *Single Ladies* med Truls Svendsen, *Gullfisken* 2010 og *Jungelboka* på Det Norske Teatret. Ho hadde koreografi for TV-seriane *AFI – sesong 2* og *Erobreren* på NRK1 i tillegg til at ho både koreograferte og var dansar i *Lillyhammer* på same kanal. I 2010 hadde ho koreografi på talentprogrammet *X-factor* på TV2.

LISBETH SANDNES ESPELAND (dansekaptein) er dansar utdanna frå KHIO i 2004. Ho har vore dansar ved Oslo Danse Ensemble, vore med i *West Side Story* og *Singin' in the Rain* på Oslo Nye Teater og unionsoppløysingsfram-syninga *Med egen stemme*. Sidan 2010 har ho jobba med Torgunn Produksjoner og i Den Kulturelle Skolesekken med to ulike fram-syningar; *I sitt eget selskap* og *På besøk*.





epotbiblioteket



76g1 04 488



